



Arkivnr: 2014/223-86

Saksbehandlar: Nils E Grude

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		01.04.2014

## Klage på avslag om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense til Fv 40 på Baugstranda i Matre i Kvinnherad

### Samandrag

Statens vegvesen har avslått søknad om bygging av ny avkjørsle frå garasje/uthus til Fv 40 på Baugstranda i Matre i Kvinnherad kommune. Grunngevinga frå Statens vegvesen til å avslå søknaden er at avkjørsle ikkje vil få tilfredsstillande snuplass på eigen eigedom, og vil ligge delvis inne på det arealet som Statens vegvesen treng til drift og vedlikehald av fylkesvegen for å kunne tilfredstille dei tekniske krava. Vidare at det allereie er avkjørsle til eigedomen som med fjerning av fjellknaus kan nyttast til avkjørsle til tilbygg til garasje, og Statens vegvesen ønskjer færrast moglege avkjørsler til fylkesvegane.

Søkjar viser m.a. til at kostnadane ved å nytte noverande avkjørsle vil bli eit vanskeleg og dyrt prosjekt, med mykje meir sprenging og flytting av massar enn det som må til for å knyte seg direkte på Fv 40.

Etter fylkesrådmannen sine vurderingar vil ein ikkje kunne få bygd ei avkjørsle frå garasjen til Fv 40 som oppfyller alle dei krav som må stillast til ei avkjørsle, og fylkesrådmannen tilrår difor klagenemnda å avslå klagen frå tiltakshavar Erik Johan Furdal om bygging av ny avkjørsle frå garasjen.

### Forslag til vedtak

Klagenemnda avslår klagen frå Erik Johan Furdal om bygging av ny avkjørsle frå gnr. 263 bnr. 17 i Matre i Kvinnherad kommune direkte til Fv 40.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 10.03.2014

Statens vegvesen sender i brev av 27.12.2013 over klage på avslag på søknad om ny avkjørsle og søknad om dispensasjon frå byggegrense til Fv 40 på Baugstranda i Matre i Kvinnherad kommune (sjå vedlegg).

### Bakgrunn for saka

Erik Johan Furdal søker 24.05.13 Kvinnherad kommune om å få sette opp tilbygg til garasje 8,6 meter frå Fv 40 og om ny avkjørsle til garasjen. Søklar viser til at han søker om ny avkjørsle til garasjen med nytt tilbygg han vil sette opp avdi ein fjellknaus gjer det umogleg å nytte noverande avkjørsle til eigedom. Kvinnherad kommune vidaresender søknaden om dispensasjon frå byggegrense og søknad om ny avkjørsle til Statens vegvesen i e-post av 13.09.13. Kvinnherad kommune viser til at avstand frå næraste kant av nybygg til senter av vegen er 8 meter, og at i kommuneplanen for Matre har eigedom arealføremål LNF med spreidd bustadbygging (sjå vedlegg 1).

I brev av 17.09.13 frå Statens vegvesen til Kvinnherad kommune (vedlegg 2) får tiltakshavar Furdal dispensasjon til å sette opp garasje med ei byggegrense på 8,6 meter frå vegmidte. Men når det gjeld søknad om ny avkjørsle frå garasjen til Fv 40 avslår Statens vegvesen søknaden. Grunngevinga frå Statens vegvesen er at dette er ein veg med 80 km/t i generell fartsgrense og ligg i haldningsklasse 4 der kravet til friskt er 115 meter. Vidare meiner Statens vegvesen at det er mogleg å fjerne den omtalte fjellknausen for å kunne nytte den noverande avkjørsla, som munner ut i ein sideveg til Fv 40, for å få køyretilkomst til tilbygget til garasjen.

Som det framgår av vedlagte bilete har tiltakshavar i dag køyretilkomst til garasjen frå den noverande avkjørsla. Statens vegvesen viser og til at for å kunne oppnå dei tekniske krava til den omsøkte avkjørsla, så må ein og fjerne ein del fjell, truleg tilsvarande arbeid for å kunne knytte seg til eksisterande avkjørsle. Det er eit krav at ein skal kunne snu eit køyretøy inne på eiga grunn. I denne saka viser Statens vegvesen til at for å kunne oppnå kravet om snuplass, så vil den delvis måtte ligge inne på fylkeskommunal eigedom (vegareal).

På oppmoding frå tiltakshavar vart det 30.10.13 avhalden synfaring med Statens vegvesen. I brev av 02.12.13 (vedlegg 3) frå Statens vegvesen til tiltakshavar vart det vist til synfaringa og at Statens vegvesen opprettheld sitt tidlegare vedtak om ikkje å godkjenne ny avkjørsle frå tilbygg til garasjen.

Tiltakshavar klagar på avslaget om ny avkjørsle i brev av 16.12.13 (vedlegg 4). Tiltakshavar viser her til at arbeidet med å knyte garasjen til noverande avkjørsle vil bli eit vanskeleg og dyrt prosjekt, med mykje meir sprenging og flytting av massar enn det som må til for å knyte seg direkte på Fv 40. Om han kunne fått opparbeide ny avkjørsle kunne han ha brukt massane som han må sprengje ut til opparbeidinga av avkjørsla. Og han ville då fått frisktsoner større og betre enn dei tekniske krava. Når det gjeld snuplass i avkjørsla viser tiltakshavar til at då vegen vart bygd gav grunneigarane fri grunn til 3,5 meter veg, og at det den gongen ikkje vart oppmålt grenser eller betalt noko for grunnen. Han vurderer det difor slik at han eig til asfaltkanten og dermed har god plass til å lage snuplass på eigen grunn. Når det gjeld argument frå Statens vegvesen om færrest moglege avkjørsler til fylkesvegane viser tiltakshavar til at han frå eigen eigedom berre kan sjå to avkjørsler, ein frå privat avkjørsle til Fv 40 og ein til den kommunale vegen til Søllesvik (som noverande avkjørsle munnar ut i).

I oversendingsbrevet frå Statens vegvesen av 27.12.13 til fylkeskommunen med klagen på avslag om ny avkjørsle gjentek Statens vegvesen tidlegare argument for ikkje å godkjenne ny avkjørsle til Fv 40 ( vedlegg 5). Stikkordsmessig følgjer Statens vegvesen si vurdering av klaga:

- Veg frå garasje til eksisterande avkjørsle vil ta ein del av hagen, men kan gjennomførast
- Tiltakshavar må ha undervurdert kor mykje som må sprengast bort for å oppfylle siktkrava til Fv 40
- Avkjørsla vi ikkje få tilfredsstillande snuplass, og vil ligge delvis inne på det arealet som Statens vegvesen treng til drift og vedlikehald av fylkesvegen.

**Fylkesrådmannen sine merknader**

Etter fylkesrådmannen sine vurderingar vil ein ikkje kunne få bygd ei avkjørsle frå garasjen til Fv 40 som oppfyller alle dei krav som må stillast til ei avkjørsle. Særleg vektlegg fylkesrådmannen at ein ikkje vil kunne få til ein snuplass inne på eige areal, men må gå inn på vegarealet. Eg tilrår difor klagenemnda å avslå klagen frå tiltakshavar Erik Johan Furdal om bygging av ny avkjørsle frå gnr. 263 bnr. 17 i Matre i Kvinnherad kommune.